

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
036/2017	Kommunestyret i Radøy	PS	22.06.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
	17/1195	17/7687

Etablering av ny kommune - oppfølging av felles Intensjonsavtale og Inndelingslova §25

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Kommunestyra i Lindås, Meland og Radøy vedtok i juni 2016 å søke om å få slå saman kommunane. Dei vedtok også ein eigen Intensjonsavtale med ei rekke føringar for kva den nye kommunen skal vere.

Hausten 2016 oppretta kommunane ei Førerebels Fellesnemnd med 21 representantar. Nemnda fekk mellom anna i oppgåve å førebu arbeidet med å slå saman kommunane fram til ei formell Fellesnemnd etter Inndelingslova er oppnemnd.

Lov om fastsettjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (Inndelingslova) føreset at Fylkesmannen, så snart Stortinget har vedteke samanslåing for aktuelle kommunar, skal samla kommunestyra for desse kommunane til felles møte. Form og innhald i møtet går fram av §25 i lova, og inneber både felles drøftingsmøte og separate formelle møte der kommunestyra etter lova har mynde til å gjere vedtak. For Lindås, Meland og Radøy er dato for møta sett til 22. juni 2017.

Saksutgreiing:

Denne saksutgreiinga inneheld ei skildring av dei tema som skal drøftast i fellesmøtet/ dei påfølgjande kommunestyremøta.

Namn på den nye kommunen.

I Intensjonsavtalen står det m.a i pkt. 5 at» Framlegg til namn vert gjort av felles kommunestyremøte, inndelingslova § 25.».

I Førebuande Fellesnemnd sitt møte 20.03.2017 gjorde nemnda vedtak om at» Det vert nedsett ein namnekomité som skal leie den politiske prosessen med å føreslå namn for den nye kommunen. Komiteen skal bestå av to politikarar frå kvar kommune.».

Arbeidet til komiteen tok utgangpunkt i dei forslaga til nytt namn som allereie var kome inn til kommunane, og dei som var kome inn til avisat Strilen i ein tidlegare prosess. For å skape ei brei involvering har innbyggjarar og næringsliv vore involvert og inkludert i prosessen.

Komiteen har gjennomført intervju med tre lokalhistorikarar og ei spørjeundersøking der

297 personar svarte. Resultatet frå undersøkinga synte at folk vektlegg det framtidsretta i stor grad. Vidare har komiteen bruka ei referansegruppe, som vart sett saman av språkkyndig kompetanse, samt representantar frå kommunane til å arbeide fram 3-5 namn som skulle leverast tilbake til namnekomiteen. Referansegruppa kom med ei tilråding til kva namn dei meiner komiteen bør arbeida vidare med i den politiske handsaminga, totalt 4 namn:

Alver, Knarvik, Kvernafjord og Radfjord.

I det arbeidet vidare tok namnekomiteen utgangspunkt i innstillinga frå referansegruppa, og dei argumenta dei hadde for sine val av namn. Dei fire namna, og nokre av dei andre tidlegare aktuelle namna, blei drøfta, og namnekomiteen kom fram til ei samråystes innstilling som går vidare med i den politiske prosessen med val av namn til den nye kommunen.

Førerebels Fellesnemnd handsama innstillinga frå namnekomiteen i møte 15. mai 2017 og gjorde vedtak om følgjande innstilling til kommunestyra: Kommunestyret vedtek Alver kommune som namnet på den nye kommunen. Innstillinga blei vedteke mot 6 røyster.

Talet på medlemmer i det nye kommunestyret

I Intensjonsavtalen står det m.a i pkt. 6 at» Kommunen skal styrast etter formannsskapsmodellen med politiske utval.

Kommunestyret skal bestå av 47 medlemmar. Formannskapet skal ha 13 medlemmar...».

Kriterium for samansetjing av og funksjonar til fellesnemnd etter § 26 i denne lova

I Intensjonsavtalen står det m.a i pkt. 11 at» Når Stortinget har fatta vedtak om at kommunar kan slå seg saman skal det opprettast ei Fellesnemnd (Inndelingslova § 26). Fellesnemnda skal ha 21 medlemmar med fem frå Radøy, seks frå Meland og ti frå Lindås. Det skal også veljast varamedlemmar til nemnda. Fellesnemnda skal sjølv velja leiar og nestleiar.

Fellesnemnda skal førebu oppstart av ny kommune, medan kommunestyra skal stå for drift og avvikling av dei gamle kommunane.».

Vidare avklaring av ansvar og mynde vil gjerast gjennom ei eiga sak om «Reglement for fellesnemnda». Saka skal handsamast av dei tre kommunestyra.

Val av revisor for verksemda i fellesnemnda.

I Førebuende Fellesnemnd sitt møte 20.03.2017 gjorde nemnda vedtak om at «Førebuende fellesnemnd ber Kontrollutvala i dei tre kommunane om å innstilla til revisor for arbeidet til Fellesnemnda i tråd med inndelingslovens §25».

Kontrollutvala i dei tre kommunane handsama saka på følgjande tidspunkt:

- Lindås, 31. mai
- Meland, 23. mai
- Radøy, 29. mai

Vedtaka frå kontrollutvala er like:

*«Kontrollutvalet innstiller med dette til revisor for fellesnemnda sitt arbeide:
Kontrollutvalet har gjort ei heilheitleg vurdering av omfanget av det forventa arbeidet
til revisor, slik det kjem fram i saksutgreiinga tilhørende saka.*

*Kontrollutvalet vil særleg peike på at denne innstillinga ikkje skal leggje føringar for
seinare innstillingar som gjeldt revisorordning eller revisor for den nye kommunen.*

*Kontrollutvalet vil på dette grunnlaget innstille til at revisor for fellesnemnda sitt
arbeide for tidsrommet 2017 – 2019 følgjer den praktiske løysinga NKRF har anbefalt,
slik at det vert den rekneskapsførande kommunen sin revisor som vert vald som
revisor for fellesnemnda.»*

I punkt 6 i forslag til vedtak er det foreslått at Lindås kommune skal føre rekneskap og forvaltar dei økonomiske midla til fellesnemnda. Lindås vil og ha ansvaret for å sikre at arbeidet i fellesnemnda arkiverast i tråd med gjeldande regelverk. Lindås kommune har i dag Deloitte AS som revisor.

***Det oppretta eit partssamansett utval for saker som gjelder forholdet mellom den nye
kommunen som arbeidsgivar og de tilsette.***

I Intensjonsavtalen står det m.a i pkt. 11 at «Det vert oppretta eit partssamansett utval med ansvar for å drøfta arbeidsgjevarspørsmål. Utvalet skal bestå av fellesnemnda sine medlemmar og to arbeidstakarrepresentantar frå kvar kommune. Desse skal peikast ut av dei tilsette sine organisasjonar.».

I perioden der Førerebels fellesnemnd har fungert har man hatt same ordning med partssamansett utval. Erfaringa har vist at utvalets storleik ikkje er føremålstenleg for å få gode diskusjonar/drøftingar om dei viktige spørsmåla som utvalet skal handsama. I saka om «Reglement for Fellesnemnda» vil det vere ei drøfting om samansettinga av utvalet.

Andre forhold ved samanslåinga

Som omtalt under punktet Val av revisor for fellesnemnda har Lindås kommune sagt seg villig til å føre rekneskapen for Fellesnemnda. I tillegg vil Lindås ha ansvaret for å arkivera dokumentasjonen frå Fellesnemndas arbeid.

I tillegg vil Lindås kommune ha funksjonen som politisk sekretariat for Fellesnemnda, med innkalling, saksdokumenter og møteprotokoll frå møta.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Namnet på den nye kommunen skal vera Alver
2. Kommunestyret skal bestå av 47 medlemmar
3. Fellesnemnda for kommunane Lindås, Meland og Radøy skal ha 21 medlemmar med fem frå Radøy, seks frå Meland og ti frå Lindås. Det skal også veljast varamedlemmar til nemnda. Medlemmane vert valt av og blant medlemmane i kommunestyra. Fellesnemnda skal sjølv velja leiar og nestleiar. Fellesnemnda skal førebu oppstart av ny kommune, medan kommunestyra skal stå for drift og

avvikling av dei gamle kommunane.

4. Val av revisor for verksemda i fellesnemnda.
Revisor for den rekneskapsførande kommunen vert vald som revisor for fellesnemnda. Jf punkt f.
5. Det oppretta eit partssamansett utval for saker som gjelder forholdet mellom den nye kommunen som arbeidsgivar og de tilsette.
6. Lindås kommune fører rekneskap og forvaltar dei økonomiske midla til fellesnemnda. Kommunen arkiverer arkivverdig materiale frå Fellesnemndas arbeid og er politisk sekretariat for Fellesnemnda.

Kommunestyret i Radøy - 036/2017

KS - handsaming:

Kommunestyret vedtok samråystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

KS - vedtak:

1. Namnet på den nye kommunen skal vera Alver
2. Kommunestyret skal bestå av 47 medlemmar
3. Fellesnemnda for kommunane Lindås, Meland og Radøy skal ha 21 medlemmar med fem frå Radøy, seks frå Meland og ti frå Lindås. Det skal også veljast varamedlemmar til nemnda. Medlemmane vert valt av og blant medlemmane i kommunestyra. Fellesnemnda skal sjølv velja leiar og nestleiar.
Fellesnemnda skal førebu oppstart av ny kommune, medan kommunestyra skal stå for drift og avvikling av dei gamle kommunane.
4. Val av revisor for verksemda i fellesnemnda.
Revisor for den rekneskapsførande kommunen vert vald som revisor for fellesnemnda. Jf punkt f.
5. Det oppretta eit partssamansett utval for saker som gjelder forholdet mellom den nye kommunen som arbeidsgivar og de tilsette.
6. Lindås kommune fører rekneskap og forvaltar dei økonomiske midla til fellesnemnda. Kommunen arkiverer arkivverdig materiale frå Fellesnemndas arbeid og er politisk sekretariat for Fellesnemnda.

Vedlegg:

Innkalling til felles kommunestyremøte for Lindås Meland og Radøy